

Høyringsinnspel

Foreldregruppene ved Skavøypoll barnehage

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036

Temaplan for oppvekst 2022-2034

Bakgrunn for høyringsinnspelet

Foreldregruppene ved Skavøypoll barnehage ønskjer med dette å kome med innspel til Samfunnsdelen til ny kommuneplan, samt til Temaplan for oppvekst, som begge ligg på høyring.

Den 11.09.2024 vart det halde eit dialogmøte på Vågsøy ungdomsskule der det vart lagt fram informasjon om desse planane og foreldra som var til stades fekk moglegheit til å svare på tre spørsmål etter drøfting gruppevis. Det vart etter dette lagt fram ønskje om at resten av foreldra ved barnehagen skulle få moglegheit til å svare på dei same spørsmåla, då det ville gje fleire ein sjanse til å leggje fram sine innspel til dei viktige spørsmåla. Spørsmåla vart sendt ut via Forms og svara er anonyme. Vi håpa at dette ville leggje godt til rette for at dei som ønskja det, fekk sei si meining.

Det følgjande er difor ei samling av dei ulike innspela som kom inn. Det vert presisert at dette ikkje er eit samla standpunkt frå alle foreldregruppene, men ei oppstilling av dei ulike innspela frå dei som ønskja å svare. Vi håpar dette kan bidra til det vidare arbeidet med planane og gje innsikt i kva ulike foreldre meiner om høyringsframlegga.

Spørsmål 1: Korleis omstiller vi til færre barn i skulane våre?

Svara som kom inn er følgjande:

Svar 1:

Alt arbeid som blir gjort skal ivareta elevens beste. Alle valg som blir tatt, skal begrunnast utfrå eleven sitt beste.

Svar 2:

Fleksibel skuleordning.

Samarbeid mellom skular for å holde lærarar i nærmiljøet.

Svar 3:

Legge ned småskulane, større fagmiljø på dei store skulane.

Svar 4:

Vi bør sikre at dei flotte ambisjonane som er omtalt i temaplan for oppvekst er godt forankra på alle nivå i kommuna. Både hos dei som skal stå for det faktiske arbeidet i skulekvardagen, men også på fleire ledernivå slik at utviklings- og forbetningsarbeid vert lagt til rette for og prioritert. Teori vert ikkje til praksis av seg sjølv.

Svar 5:

Forsøk å rekruttere hjemflyttere før man legger ned. Det blir fort en negativ spiral.

<https://www.nrk.no/vestland/barnehagen-gjekk-fra-nesten-tom-til-stappfull-pa-fa-ar-1.17048969>

Svar 6:

Dersom ein planlegg for færre barn for langt fram i tid, så er det dessverre å la ein spådom gå i oppfyllelse. Ønsker ein fleire barn i skulane må ein også gjere skulane attraktive ved å ha nok ressursar, unngå for store klasser og ikkje minst ha personale med fagleg kompetanse. Ein må tåle at talet på barn vil svinge litt, ellers vil det ikkje svinge opp igjen etter ein nedtur.

Svar 7:

Det å omstille til færre barn i skulane våre fører naturlegvis til at skular bør slåast saman for å sikre eit forsvarleg miljø og drift. Dette fører derimot til at det må takast svært vanskelege val politisk, då mange har sterke ønskjer om å halde på skulen i sitt nærrområde. Ein bør likevel forsøke å sjå på kor mykje ein skule har å sei for eit nærrområde, før ein antar at det vil føre til fråflytting og at bygda vert uattraktiv. Mykje kan gjerast på reguleringsnivå for å sikre attraktive lokalsamfunn, mellom anna gjennom gode og tilrettelagde bustadtomter, flytting av industriområder vekk frå tett busetnad, attraktive og opparbeidde turområder, moglegheit for nærleik til sjøen, trygge gangveggar og tilkomst til kollektivtransport, vedlikehaldne leikeplassar og trygge, utbetra hovudveggar mellom bygdene som eksempel. I dagens samfunn er det ikkje nødvendigvis moglegheita for å kunne gå heilt til skulen som er avgjerande for kvar ein vel å busette seg. Ein bør difor ha klarare kunnskapsgrunnlag om slikt før ein konkluderer.

Færre barn fører også til at ein må nytte dei ressursane ein har på best mogleg måte. Dette kan vere gjennom å gje dei tilsette fleksibilitet ved at dei kan nytte kunnskapen sin på fleire område.

Ein må vidare legge tung vekt på kva som er barnas beste. For små miljø kan vere svært vanskeleg for mange og ein vil på ein større skule ha større moglegheiter for å kunne finne ein ven eller ein omgangskrets ein trivst i. Nokre trives kanskje betre i mindre miljø, men med ein skule der ressursane er sterke stabsmessig, så vil ein enklare kunne tilrettelegge for- og hjelpe den enkelte elev dersom dette skulle vere utfordrande. Overgangen til ungdomsskulen vil også for mange verte mykje lettare, då ein allereie har blitt kjend med medelevane i yngre alder. Det vil også opplevast mindre overveldande for dei som i utgangspunktet syns det er utfordrande med eit større miljø.

Spørsmål 2: Kva kan vere alternativ til strukturtiltak i oppvekstsektoren?

Svara som kom inn er følgjande:

Svar 1:

Vi må kutte i andre sektorar enn helse- og oppvekstsektoren. Alt arbeid som handlar om omsorg og ivaretagelse av menneske, er skrapa til beinet for ressursar. Arbeidstakarane yter over evne, og sjukmeldingstala er ikkje gode. Ta sjukmeldingane på alvor, og som ett signal fra arbeidarane. For å få dagens og framtidens barn i arbeid, må dei få omsorg, opplæring, utdanning, og vi må investere i framtida deira. Altfor mange dett av skoleløp og greier ikkje fullføre skule- og utdanningsløp. Omsorgsyrkene skrik etter avlastning og arbeidskraft. Dei treng gode vilkår og en trygg arbeidsplass. Menneske treng menneske.

Svar 2:

Samle øvste klassane til ein skule
Og 1,2,3,4 klasse i nær skulen.

Svar 3:

Proaktiv arbeid for å gjere det attraktivt å flytte til Kinn. Dagens arbeidsliv har mange mogelegheiter for distribuerte/digitale arbeidsplassar, og det finnes fleire eksempel på distriktskommuner som har lukkast med å få aukt tilflytting. Det er også noko ein kan sette fokus på i tillegg til strukturtiltak, slik at eksisterande innbyggjarar ikkje opplever kommuna dei bur i som «døande».

Ved strukturelle tiltak er det viktig å sikre at skulane som skal ta i mot elevar frå ein eller fleire skular ikkje vert ein oppsamlingsboks, men faktisk er tilpassa elevantalet og legg til rette for gode læringsmiljø. Trygg skuleveg for alle elevar er også ein viktig del av biletet.

Svar 4:

Alternativet er å få på plass flere barn.

<https://www.nrk.no/vestland/barnehagen-gjekk-fra-nesten-tom-til-stappfull-pa-fa-ar-1.17048969>

Svar 5:

I norddelen av kommuna er eit minimumskrav at der må vere ein barneskule og ein barnehage på fastlandet og minimum ein barneskule og barnehage på andre sida av brua.

Svar 6:

Forslag til alternativ:

1. Skram vert bygd for 400 elevar i Måløy. Dette legg til rette for at Raudeberg og etterkvart Skavøypoll kan innlemmast i same skule. Kommunen kan så vurdere å kjøpe opp parkeringsarealet vis-à-vis Røde Kors i Gate 2 og potensielt noko av bustadarealet ovanfor der stikkvegen går i dag. Heile dette området kan såleis ombyggast til ei hente- og leveringssone for bil og buss med tilrettelagt gangveg direkte opp til Gate 3/nedsida av skulen. Dette sikrer at også dei minste elevane har trygg, oversiktleg og kort veg direkte opp til skulen, dersom dei må kome med bil eller buss. Dette vil hindre auka trafikk oppover gatene om morgon og ettermiddag, samt halde slik trafikk mest mogleg vekk frå skuleområdet, då det vert samla på éin stad som allereie er knytt til gjennomkøyringsveg (Gate 2).

2. Skram vert bygd for 400 elevar på fastlandet. Deknepollen har fleire større områder som ein bør kunne vurdere å omregulere. Områdene ein ser på bør ligge nærast mogleg Måløybrua for å sikre kortast mogleg avstand for flest. Til dømes kan ein sjå på områder rundt Kulen (t.d. Vågen), langs Kulavegen eller vest for Finabakken. Dersom ein skulle finne eit eigna område, må kommunen med alt sannsyn kjøpe grunnen. Ein vil då kunne hente ut kapital til dette ved å selje Skram-tomta og omregulere området til bustadføre mål. Måløy har behov for tilrettelagde bustadtomter med tilfredsstillande storleik og kort veg til sentrum.

Spørsmål 3: Korleis kan vi oppretthalde kvaliteten i tenestetilbodet i oppvekstsektoren med færre ressursar?

Svara som kom inn er følgjande:

Svar 1:

Korleis er kvaliteten i tenestetilbodet i oppvekstsektoren med dagens ressursar? Kor mange elevar får den tilrettelegginga dei har krav på etter norsk lov? Kor mange elevar slit med skulevegring? Kor mange barn har ei eller fleire diagnosar? Korleis ivaretek vi interessa for læring for dei som ligg over gjennomsnittet i ulike fag? Kor mange oppgaver er tillagt lærera/barnehagelærera sin funksjon i dag? Korleis kan vi behalde dei engasjerte og faglig dyktige arbeidstakarane i oppvekstsektoren for å få dei til å ville bli i jobben?

Svar 2:

Dugndar for å spare kostnader som vanligvis ligg på vedlikehold.

Svar 3:

Det klarar nok vi ikkje. Vi trenger absolutt alle resursane vi har, vi har jo allerede for lite etter min mening. Dersom Kinn skal få tilflyttera og behalde dei som bur her kan ikkje dei kutte i oppvekst!

Svar 4:

Meir samarbeid på tvers av fag og tjenester og kommuner, med fokus på å skape sterke fagmiljø og for å lettare omstille seg når behov og mogelegheiter oppstår. Kinn er ikkje den einaste kommuna med desse utfordringane, og det er ingen grunn til at vi skal sitte på kvar vår tue og løyse same problem fleire gonger. La oss stykke opp elefanten og samarbeide. Det blir også viktig å gjere kommuna attraktiv for tilflyttarar for å sikre at dei få ressursane vi har er kompetente nok.

Svar 5:

Vanskelig. Må forsøke å øke ressursene. Øremerket kommunal skatt kanskje.

Svar 6:

Med færre ressursar kan ein sjeldant oppretthalde same kvalitet. Innsparingsforslaga som kommunen har lagt fram er ikkje bærekraftig for verken barmehagane eller skulane. Undersøkingar viser at barn i barnehagen går igjennom store påkjenningar for barna å vere i barnehagen, og i dagens samfunn må dei ofte starte tidlegare enn nokon gong pga. f.eks. familieøkonomi. Derfor er det viktig at der er nok bemanning og nok faglærte pedagogar heile dagen. Kvant enkelt barn treng tett og god oppfølging, som er tidkrevande. Å samordne SFO og barnehage er ikkje noko god løysing, då det er snakk om ulike aldersgrupper med svært forskjellige behov. Minstekravet for pedagogisk personale endrar seg ikkje sjølv om kommuna skal spare pengar. Politikarane må også tenke på konsekvensane av t.d. feriestengde barnehagar og kva den gjer med bu- og bli-lysta i kommunen. Dersom ein ønsker tilflyttarar og fleire barn i kommunen er ikkje dette vegen å gå. Då må ein legge tilrette for barnefamiliar. Derfor er det også viktig å ha eit somartilbod for skulebarn. I tillegg er det viktig at barn og elevar som har behov for ekstra ressursar får desse, om det så er snakk om enkeltvedtak, fleirspråklege barn i skule/barnehage eller dei med funksjonsnedsetting. Har ein tenkt på konsekvensane dette vil føre til i lengda?

Svar 7:

Tilbodene bør samlast på ein mest mogleg forsvarleg måte. Dette inneber dessverre at nokre skular bør leggast ned, slik at ein får samla både elevar og lærarstab. Dette fører derimot til enklare rekruttering av nye lærarar med kompetanse og meir stabile arbeidsforhold for pedagogane, då synkande elevtal ikkje vil føre til at tilsette plutselig må skifte arbeidsplass eller at ressursane vert utfordrande å fordele. Ein ny, felles barneskule vil også gje elevane eit likt kvardagsmiljø i eit moderne bygg med nye og gode funksjonar, uavhengig av kvar dei er busett i Nordre-Kinn. Dei eldre skulebygga krev mykje vedlikehald og vil verte enda dyrare i drift dersom dei kontinuerleg treng oppgraderingar for å kunne halde følge med teknologisk utvikling og samtidig tilby elevane like gode funksjonar som ein ny Skram skule vil gje. Det er i tillegg positivt at elevane får eit større sosialt miljø med større sjanse for å finne ein ven. Mange vil argumentere med at elevane enklare vert sett på ein mindre skule, men med ein større og meir stabil lærarstab vil ein kunne gje meir og betre ressursar til dei som treng det. Ein felles barneskule vil også gje moglegheiter for Skavøypoll barnehage å utvikle seg i framtida. Dersom barnehagen får overta heile området der barneskulen står i dag, så vil kommunen i framtida kunne sjå på moglegheitane til å investere i ein ny og moderne barnehage på denne tomte. Området har i dag eldre bygg og svært vanskelige parkeringsforhold, samt eit uteområde som i lang tid har vorte nedprioritert. Dersom barnehagen fekk heile området (slik det vart gjort i Holvik) kunne det i framtida her blitt ein flott ny, kommunal barnehage.